

Fra: "Halsør, Tale" <Tale.Halsor@bergen.kommune.no>
Sendt: torsdag 19. oktober 2023 12.46.10
Til: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "Silje Aakre Solheim" <saas@nve.no>
Emne: Høyringsuttale 202301676

Bergen kommune viser til dykkar brev om «Høyring av melding om Sagavika minikraftverk - Bergen kommune i Vestland» dagsett 30.08.2023. Vi takkar for at kommunen fekk utsett høyringsfrist til 19. oktober.

Byrådet som forretningsministerium handsama saka i møtet 19.10.2023 sak 1272/23 og fatta følgjande vedtak:

1. Byrådet gir fråsegn til meldinga om Sagavika minikraftverk slik det kjem fram i byråden sitt forslag.

For meir informasjon om saksgang og saksdokument sjå [Bergen kommune - Søk i politiske saker](#).

Under følgjer kommunen si fråsegn:

Bergen kommune vurderer at eventuelle konsekvensar for allmenne interesser av eit minikraftverk i Sagavika vil vere knytt til naturmangfaldet, men i hovudsak ålen i vassdraget. Tiltaksområdet er allereie sterkt påverka av menneske og tiltaket vil i stor grad vere positivt for kommunen, med auke i lokal, fornybar kraftproduksjon og gjenbruk av eksisterande infrastruktur på allereie nedbygde areal.

Kalandsvassdraget er eit viktig leveområde for ål som er ein sterkt trua art. Det er mange faktorar som til saman fører til ein nedgang i talet på ål på gytevandring til Sargassohavet, og vasskraftturbinar er ein av dei.

Fossen i nedre del av Fanaelva er eit vandringshinder for anadrom fisk. Området frå fossen til sjøen er for lite til at det fungerer som gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure. Området langs fossen er registrert som naturtypen viktig bekkedrag og eit landskapsøkologisk funksjonsområde. Av den grunn er det viktig å ta vare på og skjøtte tre og anna kantvegetasjon langs vassdraget.

Tilførsel av ferskvatn frå elva til sjøen blir ikkje endra sidan minikraftverket ikkje omfattar eit magasin. Partikkelavrenning eller anna forureining til sjø er viktig å unngå sidan det i tilgrensande område er registrert både ålegras, østers og gyte- og oppvekstområde for torsk. Bergen kommune vurderer at konsekvensane for dei registrerte rødlistede fugleartane, verdier for friluftsliv og landskap blir små sidan arealet i dag allereie er sterkt påverka av menneskelege inngrep.

Reetablering av det gamle kraftverket i Fanaelva vil gi lokal, fornybar energiproduksjon. Renovasjonen av sperredam og kraftstasjonsbyggetvil bidra til gjenbruk av bygga vi allereie har, reduserer transportbehovet og avfallsmengda i samband med nybygging. Dei vurderte sikringstiltaka gjer bygga meir tilpassa dei venta klimaendringane og lenger levetid. Bergen kommune vurderer at kraftverket, slik prosjektet er skildra vil støtte opp om fleire av

kommunen sine klimamål.

Beste helsing

Tale Severina Halsør

Rådgjevar

Byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling

Seksjon klima, miljø og samfunn

Bergen kommune

Postboks 7700 | 5020 Bergen

Telefon +47 408 18 123

E-post tale.halsor@bergen.kommune.no

www.bergen.kommune.no

[Facebook](#) | [Twitter](#)



BERGEN
KOMMUNE